

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2014	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2014
034/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	18.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/1348	14/8993

Nordhordlandspakken

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Radøy kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Radøy kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
3. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Radøy kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna vurdere:
 - om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det har vore jobba lenge med å få på plass Nordhordlandspakken. Styret i Nordhordlandspakken AS har i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen Region vest og Bergen kommune utarbeid søknad om delvis bompengefinansiering. Statens vegvesen har sendt høyringsbrev med tilråding til kommunane om å gjera likelydande vedtak.

I søknaden er det gjort følgjande samandrag, som gir oversikt over arbeidet med saka:

Det er store behov for utbetringar og nyanlegg på transportnett i Nordhordland og sambandet mot Bergen. Regionen har sidan 2007 arbeidd med å få på plass ein samferdselspakke som skal medverke til at Nordhordland skal fortsetje å vere ein konkurransedyktig region med eit aktivt og velfungerande næringsliv. Med denne bompengesøknaden vil ein starte opp gjennomføringa av samferdselspakken.

Nordhordlandspakken inneheld investeringar i prosjekt som har høg **samfunnsnytte i form av transportøkonomiske innsparingar, betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtrafikken. Sårbarheten for vegnettet vert mindre ved utbygging av nytt vegsamband mellom Bergen og Nordhordland, samt ved å bygge ut ringvegnettet i Nordhordland til ein betre standard.**

E39, Nyborgtunnelen mellom Åsane og Nordhordland er det største og viktigaste prosjektet i

Nordhordlandspakken. Nordhordland og Bergen kommune står saman om å få realisert Nyborgtunnelen som del av E39-satsinga, eit av dei mest lønsame vegprosjekta i landet. Nyborgtunnelen vil knyte saman Bergen med Nordhordland og gje store miljømessige og transportøkonomiske innsparingar. Prosjektet er en føresetnad for vidare byutvikling i Bergen nord (Haukås/Hylkje) og vil gje vesentleg betre forhold for kollektivtransporten mellom Nordhordland og Bergen.

Bompengesøknaden er i første omgang avgrensa til samferdselsprosjekt i Nordhordland, men det er lagt opp til at Nyborgtunnelen vert gjennomført så snart det ligg føre godkjent reguleringsplan. Bakgrunnen for at det i første omgang vert sendt inn bompengesøknad for prosjekta i Nordhordland er at planarbeidet for Nyborgtunnelen er krevjande, og det vil ta tid før det ligg føre godkjent reguleringsplan. I tillegg vart det i Nasjonal Transportplan 2014-23 ikkje signalisert oppstart før mot slutten av perioden. Kommunane i Nordhordland fatta i 2010 likelydande vedtak omkring vidare arbeid med bompengesøknaden for Nordhordlandspakken. Her vart det tatt høgde for at «framdrifta for søknaden vil måtta koordinerast med planarbeidet for Nyborgtunnelen og rullering av Nasjonal Transportplan».

Viktige samferdselsprosjekt i Nordhordland har stått på vent i mange år. Regionen har ikkje råd til å vente lenger og risikere å sakke akterut i forhold til andre regionar. Styret i Nordhordlandspakken AS har i samråd med Statens vegvesen Region vest, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, avklart ein framdriftsplan der ein no legg fram ein bompengesøknad med dei prosjekta som har planavklaring, for å kome i gang med bygginga av viktige prosjekt i 2015/2016. Samstundes er både Statens vegvesen og Bergen kommune innstilt på å forsere planarbeidet for Nyborgtunnelen så snart nødvendig avklaring av bybanen i Åsane ligg føre. Når det ligg føre godkjent reguleringsplan for Nyborgtunnelen, vert det fremja ein revidert bompengesøknad med eit samla finansieringsopplegg for heile Nordhordlandspakken.

I tillegg til Nyborgtunnelen er også prosjektet Fv 57 Knarvik – Isdalstø lagt til neste revisjon av samferdselspakken og inngår såleis ikkje i denne bompengesøknaden. Årsaka til dette er manglande finansieringsgrunnlag og omsynet til å sikre prioritering av Nyborgtunnelen.

Vurdering

Etter mykje arbeid over fleire år er det viktig å få gjort endeleg vedtak om Nordhordlandspakken no. Det er viktig at kommunane går samla inn for samferdselspakka. Eventuelle nye innspel mot Nordhordlandspakka kan føra til at det kan koma til å ta lang tid å få realisert denne viktige satsinga på samferdselssektoren. Nordhordlandspakken vil gje ei stor betring av transportnett i regionen og

vil medverke til meir effektiv, trygg og miljøvenleg trafikkavvikling. Med den næringsutviklinga og folketalsveksten som er venta i regionen, vil behovet for eit effektivt og trafikksikkert vegnett etter alt å døma auka vesentleg i åra som kjem.

Formannskapet i Radøy - 056/2014

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland håpar at alle kommunestyra i regionen sluttar seg til framlegget til vedtakspunkt i Nordhordlandspakken, og ikkje kjem med tilleggsformuleringar som kan velta samferdselspakken.

Roy Bø (Frp) gav uttrykk for at han er positiv til Nordhordlandspakken, men må røysta i mot på grunn av bompengefinansiering.

Frode Hervik (V) viste til eit punkt om utbygging av gang- og sykkelveg langs hovudvegane. Hervik ønskjer ei presisering som omfattar ei prioritering av gang- og sykkelveg langs skulevegane i Radøy.

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding mot 1 røyst (Roy Bø, Frp)

FS - vedtak:

1. Radøy kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
 2. Radøy kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
 3. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Radøy kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
 4. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna vurdere:
 - om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunneløpa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).

Kommunestyret i Radøy - 034/2014

KS - handsaming:

Ordføraren tok opp spørsmål om sin habilitet i saka om Nordhordlandspakken, i tilknytning til at han som ordførar er observatør i styret i Nordhordlandspakken AS. Kommunestyret konkluderte med at ordføraren er habil, og han deltok i handsaminga av saka.

Ordføraren orienterte deretter kommunestyret om sentrale element i Nordhordlandspakken.

Det kom fleire tilleggsframlegg i saka.

Kenneth Murberg (H) fremja følgjande tilleggframlegg:

For å sikre at sekkeposten kjem nødvendige prosjekt på Radøy til gode, ber ein Statens Vegvesen konkretisera sekkeposten som eige punkt «Radøy, sekkepost, prioriterte prosjekt».

Radøy kommune ber Statens Vegvesen om at følgjende prosjekt vert lagt inn i pakken:

- Utbedring av veien fra Hålandsdalen og til Marøykrysset
- Utbedring av farleg vegtrase frå krysset ved Manger kyrkje og mot Ishusflaten
- Utbedring av vegforhold i tilknytning til Hordabø skule
- Utbedring av trafikkfarlege punkt mot Helland
- Utbedring av farleg kryss i Lundsalden

David Pletten Aasgard (KrF) kom med følgjande tilleggsframlegg

-Bygging av gang- og sykkelveg i tilknytning til samtlege barneskular i kommunen

-Utbygging av gang- og sykkelveg frå Gjerde i nord til Lyngrensvingen i sør på Sletta.

Frode Hervik (V) kom med følgjande framlegg:

Nytt strekpunkt, under pkt. 4:

"Radøy kommune legg til grunn at dei udisponerte midlane til gang- og sykkelveg (100 mill. kr.) vert nytta der det er størst behov for dei, og at omsyn til farlege skuleveggar må vega tungt i prioriteringa av desse midlane i tråd med kommunale trafikksikringsplanar."

Etter eit gruppeleiar møte trekte Frode Hervik (V) tilleggsframlegget sitt og sette fram følgjande fellesframlegg:

"Radøy kommune legg til grunn at dei udisponerte midlane (100 mill. kr.) vert nytta til gang- og sykkelveggar og vegutbetring der det er størst behov for dei etter ein fordelingsnøkkel mellom kommunane. Omsyn til farlege skuleveggar må vega tungt i prioriteringa av desse midlane i tråd med kommunale trafikksikringsplanar.»

Kommunestyret vedtok formannskapstilrådinga, og fellesframlegget sett fram i møtet, mot tre røyster (FrP røysta mot).

Tilleggsframlegget frå David Pletten Aasgard (KrF) fekk 11 røyster og fall.

Tilleggsframlegget frå Kenneth Murberg (H) fekk 12 røyster og fall.

KS - vedtak:

1. Radøy kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Radøy kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjearbeid for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom

revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.

3. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Radøy kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidssrette løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna vurdere:
 - om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.).
 - Radøy kommune legg til grunn at dei udisponerte midlane (100 mill. kr.) vert nytta til gang- og sykkelveggar og vegutbetring der det er størst behov for dei etter ein fordelingsnøkkel mellom kommunane. Omsyn til farlege skuleveggar må vega tungt i prioriteringa av desse midlane i tråd med kommunale trafikksikringsplanar.»

Vedlegg:

Signert brev høyring Nordhordlandspakken

Høyring - Nordhordlandspakken